Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9 | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Heskestad

Emne: Lauving. | Bygdelag:

Oppskr. av: B. Horn | Gard:

(adresse): Heskestad | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A.
1. No er det slutt med lauving i bygda. Det var rekna som arvisst før før. Under siste verdenskrig vart det ikkje lauva. Ein kan rekna med at det er 25 år sidan dei slutta å lauva.

2. Det vart lauva i siste halvdel av juni då det på den tid vart hogd ned björk eller eiketre til å flekkja borken av. Dei fekk då sevla ved som turka godt frametter sumaren. Etter slåtten vart det og lauva av dei ymse treslag. Dette arbeidet vart kalla lauving eller å skjera lauv.

3. Sigd var det vanlege reiskap som vart nytta, kanskje og ein gamal ljå. Sjölvsagt vart sag eller öks nytta for å fella ned treet. Risping med hand vart ikkje nytta

4. Av tre som vart hogd ned (Som nemnt ovafor). Å *kylla trea var ikkje brukt (*kydla) her i bygda. Men i grannebygda Lund nytta dei kydlemålen.

5. Lauvet vart laga i kjervar og hengt opp på tresstuar eller og fört heim og sett

8436

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

opp langs uthusvegger. Då det hadde turka litt, vart det gjerne lagt inn i hus (låve eller skjul). Kjervane vart ikkje lagt i stakk (rauk som i Sogn), men lagde opp på höystaen. Det vart rekna 6 tjū i eit lauvhundra. Det hende nok, seier gamle folk, at askelauv vart raka saman, men ikkje hesja saman med höy. Turlauv ikkje kjent.

6. Borne eller köyrde heim med det same eller etter at kjervane hadde turka eit grand. I i mannfolkbyrd var det truleg 12-15 kjervar, i kvinnfolkbyrd 10.

7. Ja. Karane kvisla og kvinnene sanka saman til kjervar

8. På höystaen (som nemnt under 5), men det vart og lagt under höyet og kring veggene i löa. Både kyr og sauer fekk lauv, men kor ofte og kor mykje kan ikkje seiast.

9 Askelauv, ospelauv og orlauv.

10. IKKje kjent at det vart rispa lauv til grisene.

11, 12, 13, 14, 15. Ikkje aktuell i bygda.

B.

Ein kjenner ikkje til at lauv vart raka saman på bakken og nytta til for.

7/12-1953.

8436

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING